



Arkivnr: 2014/23741-7

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

## Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt

### Samandrag

Fylkesutvalet handsama 23.5.2017 sak PS138/2017 «Masfjordbrua- teknisk/økonomisk utgreiing» og vedtok mellom anna at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune skulle arbeida vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak. Fylkesutvalet bad også om at om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidlar, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bru-prosjektet kan utløysa vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017. I samband med handsaminga av sak PS 39/17 «Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - framlegg av plan etter høyring», vedtok fylkestinget 13. juni at fylkeskommunen vil vurdere alle ferjestrekningar som kan være aktuelle som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkesrådmannen konstaterer at kommunane har kome ulikt langt i planleggingsarbeidet for ferjeavløysingsprosjekta. Masfjorden kommune og Kvinnherad kommune har kome lengst i planarbeidet for sine ferjeavløysingsprosjekt.

Masfjorden kommune arbeider for fullt for å få på plass reguleringsplan før nyttår, men prosjektet må også vera kvalitetssikra (KS2) og fullfinansiert, før det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar.

Fylkesrådmannen viser til at fylkesutvalsak 138/17, «Masfjordbrua – teknisk/økonomisk utgreiing», synte eit stort spenn i kostnadar og at det er lite truleg at prosjektet let seg fullfinansiera (summen av bompengar, ferjeavløysing og kommunale midlar) - og at det har låg samfunnsnytte. Gjennom reguleringsarbeidet, arbeidet med bompengegrundlaget og avklaringar om ferjeavløysingstilskottet, freistar ein no å redusere den økonomiske risikoen i prosjektet. Til gjennomføring av ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet Masfjordbrua, tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet løyver kr. 700 000. Løyvinga vert dekkja frå fylkesutvalet sin tilleggsloypingskonto.

Det er svært usikkert om det vil ligga føre ein godkjent reguleringsplan for Fjelbergsambandet i 2017 - og då med ei veg – og bruløysing som det er gjort anslag på. I tillegg ser fylkesrådmannen det som sannsynleg at det slutførte planarbeidet for Fjelbergsambandet vil omfatta eit prosjekt med kostnad over 750 mill. kr. Eit krav om KS2 vil medføra at søknadsarbeidet ikkje kan ferdigstillast i 2017.

Fylkesrådmannen vil leggja fram status for søknadsarbeidet og eit finansieringsopplegg for Masfjordbrua og Fjelbergsambandet i fylkestinget i desember.

For å kunna søka om ferjeavløysingstilskott i 2017, er det eit søknadskrav at det må ligga føre godkjente reguleringsplanar og realistiske finansieringsplanar for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent innan 1.1.2018.

Ferjeavløysingsprosjekta Lerøy - Bjelkarøy- Hjellestad og Huglo – Tysnes stettar per i dag ikkje desse krava. Fylkesrådmannen ser det derfor som uaktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til sambanda Lerøy - Bjelkarøy- Hjellestad og Huglo – Tysnes i 2017.

### **Forslag til vedtak**

1. Med grunnlag i oppdatert anslag på ferjeavløysingsmidlar, kommunalt tilskott og bompengefinansiering vil fylkestinget i desember 2017 ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet føreset at prosjektet vert kvalitetssikra, søknadskrava er tilfredsstillt og medfører låg økonomisk risiko for fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet løyver kr. 700 000 frå fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto for å finansiera ekstern kvalitetssikring av prosjektet Masfjordbrua.
3. Fylkesutvalet viser til pågåande planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjoa.
4. Fylkesutvalet konstaterer, med grunnlag i planstatus og søknadskrav i brev frå Kommunaldepartementet frå 13.6.2017 «Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar», at det er uaktuelt i 2017 å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsambanda Huglo - Tysnes og Lerøy – Bjelkarøy - Ytrebygda.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Førespurnad om førehandsavklaring av ferjeavløysingsordninga
- 2 Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar
- 3 Sambandet Jektevik - Hodnanes - Nordhuglo
- 4 Ferjeavløysingsordning fylkesvegferjer. Avklaringar etter møte 20 juni i år.

## Fylkesrådmannen, 29.08.2017

### Bakgrunn

Fylkesutvalet handsama 23.5.2017 sak PS138/2017 «Masfjordbrua- teknisk/økonomisk utgreiing» og vedtok mellom anna at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune skulle arbeida vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak. Fylkesutvalet bad også om at om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidlar, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bru prosjektet kan utløysa vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017. I samband med handsaminga av sak PS 39/17 «Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - framlegg av plan etter høyring», vedtok fylkestinget 13. juni at fylkeskommunen vil vurdere alle ferjestrekningar som kan være aktuelle som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkesrådmannen gjev her ei vurdering av status og framdrift for aktuelle ferjeavløysingsprosjekt i fylket.

### Om endringa i ferjeavløysingsordninga

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer vart fasett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22.02.2016 og revidert 23.03.2017<sup>1</sup>. Det er gjort ein del endringar i retningslinjene<sup>2</sup>:

	2017	2018
Omfang	Berre vegprosjekt som gjer at heile sambandet kan leggest ned	Vegprosjekt som innkortar eit ferjesamband
Kostnadsnøkkel ferje	Likt tilskott for alle samband	Ulike tilskott for ulike samband

Dagens kostnadsnøkkel for ferje er basert på talet på ferjesamband og skil ikkje mellom ferjesamband som er dyre og billige i drift. Hordaland fylkeskommune får no 21 mill. kr. per samband. I den nye sambandsbaserte kostnadsnøkkelen vert ferjesambanda fordelte på standardklassar med utgangspunkt i strekningslengde og tal for trafikk (tal transporterte personbileiningar per døgn i løpet av eit år, forkorta ÅDT PBE). Deretter normerer ein servicenivået (tal avgangar i løpet av ein dag og opningstida på sambandet) og behovet for ferjemateriell (type, storleik og tal). Til slutt er ordninga bestemt av trafikketal, ferjestandard og fartsområdet som sambandet trafikkerer. Eit fartsområde er eit nærmare definert farvatn med tilhøyrande krav til tryggleik til skip, utstyr, bemanning eller drift. Fartsområda er inndelte etter kor utsette farvatna er for bølger og vind frå ope hav. I tillegg til "*normerte ferjekostnader*" inngår "*tal på skulereiser med ferjer*" i den nye nøkkelen.

Det er også presisert i den reviderte retningslinja at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstiga dei nominelle byggekostnadane. For at det skal vera mogleg å berekna storleiken på dei nominelle utbetalingane fram i tid, vil departementet prisjustera ferjeavløysingsmidlane med ein fast sats på 2,5 prosent i heile perioden. Det er også presisert at kompensasjonen av merverdiavgift skal trekkast frå byggekostnadane når ferjeavløysingsmidlane skal fastsetjast.

Det er framleis uvisst kor mykje fylkeskommunen vil få i rammeoverføring for dei enkelte sambanda, men for korte samband på innelukka farvatn (fartsområde 1) og på beskytta farvatn (fartsområde 2) med låg ÅDT vil tilskottet bli redusert i 2018 i høve til 2017.

### Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar

Kommunal- og forvaltningskomiteen kom med følgjande merknad under behandlinga av kommuneproposisjonen for 2018, jf. Innst. 422 S (2016–2017):

<sup>1</sup> Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-alternativ-bruk-av-ferjetilskot-for-fylkesvegferjer/id2500238/>

<sup>2</sup> Kommuneproposisjonen 2018:

*Komiteen mener det er naturlig at de søknader som kommer inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillt kravene til en fullstendig søknad etter retningslinjene for ordningen, blir behandlet ut ifra nivået på nøkkelen slik den er i 2017. Søknader fra og med 1. januar 2018 blir behandlet ut ifra ny nøkkel.*

Endeleg og fullstendige søknadar som kjem inn til departementet i år, vil altså bli behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017, medan søknadar frå og med 1.januar 2018 vert handsama ut i frå ny nøkkel. I retningslinjene for ferjeavløysingsordninga er det sett følgjande krav til søknadar:

- Det må liggja føre ein godkjent reguleringsplan (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Det må liggje føre ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent (jf. punkt 3.3).
- Det skal vera gjennomført ei ekstern kvalitetssikring for prosjekt med ei kostnadsamme på over 750 mill. kroner (jf. punkt 3.3).
- Søknaden må vere behandla av fylkestinget og fylkestinget må ha gjort eit prinsippvedtak om prosjektet (jf. punkt 4.4)
- Søknaden skal innehalda informasjon om det nye vegnett, inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengda fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret (jf. punkt 4.5).
- Viss prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak (jf. punkt 4.5).

Søknadsprosessen er som følgjer:

1. Først skal fylkeskommunen avklara om vegprosjektet kjem inn under ordninga ved å retta ein førespurnad om førehandsavklaring til Samferdselsdepartementet.
2. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev i samband med førehandsavklaringa eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar prosjektet kan utløysa, med utgangspunkt i inntektssystemet som gjeld på det tidspunktet overslaget blir gjeve. Overslaget er førebels og tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve. Det endelege beløpet blir rekna ut i samband med behandlinga av den endelege søknaden.
3. Fylkeskommunen sender den endelege søknaden til Statens vegvesen regionalt.
4. Søknaden blir først behandla av Statens vegvesen regionalt, før den blir sendt vidare til Vegdirektoratet som gjev ei tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer så endeleg om prosjektet kjem inn under ordninga.
5. Når Samferdselsdepartementet har gjort endeleg vedtak om at prosjektet kjem inn under ordninga, fastset Kommunal- og moderniseringsdepartementet storleiken på ferjeavløysingsmidlane og lengda på utbetalingsperioden.

Fylkestinget kan gjere nytt vedtak eller stadfesta tidlegare vedtak om realisering av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen også til pkt 1.3 i «Fullmaktsreglementet for Hordaland fylkeskommune»:

*«Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner skal leggast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlaget med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.*

Samferdselsdepartementet har i brev frå 23. august 2017 til Hordaland argumentert for kvifor reguleringsplanane må vera godkjente for at søknadene skal reknast som fullstendige og kan oversendast til Samferdselsdepartementet (sjå vedlegg).

### **Aktuelle ferjeavløysingsprosjekt**

I Hordaland er det fleire fylkesferjesamband der det føreligg eller pågår planarbeid for ferjeavløysingsprosjekt:

- Masfjordnes – Duesund
- Borgundøy – Fjelbergøy – Halsnøy
- Lerøy – Bjelkarøy – Hjellestad
- Huglo - Tysnes

Desse fire ferjesamband har låg ÅDT og relativt korte strekningar:

Samband	Strekning	Føresett avløyst med bru/tunnel	Ferje føresett nedlagt	ÅDT PBE 2016	Fartsområde	Lengde i km
<b>Masfjordnes - Duesund</b>		<b>Ja</b>	<b>Ja</b>	<b>184</b>	<b>1</b>	<b>0,7</b>
<b>Jektevik - Nordhuglo - Hodnanes</b>				<b>721</b>	<b>2</b>	
	Nordhuglo/Hodnanes	Ja	Ja	13	2	2,0
	Jektevik/Hodnanes	Nei*	Ja	621	2	2,2
	Nordhuglo/Jektevik	Nei	Ja	87	2	3,6
<b>Fjelberg-Sydnes-Utbjoa-Borgundøy-Skjersholmane</b>				<b>101</b>	<b>1 og 2</b>	
	Borgundøy/Fjelbergøy	Ja	Ja	3	1	1,0
	Borgundøy/Sydnes	Ja	Ja	32	1	3,6
	Fjelbergøy/Sydnes	Ja	Ja	10	1	2,6
	Sydnes/Utbjoa	Nei	Ja	52	2	11,1
	Skjersholmane/Borgundøy	Nei	Ja	4	2	14
<b>Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjellestad**</b>				<b>60</b>	<b>2</b>	
	Lerøy/Bjelkarøy	Ja	Ja		2	4,0
	Bjelkarøy/Hjellestad	Ja	Ja		2	2,0
	Klokkarvik/Lerøy	Nei	Ja		2	1,2

\* Ikke som fylkesveg, men som riksveg

\*\* manglar ÅDT data på strekningsnivå

For desse sambanda vil ferjeavløysingstilskotta truleg vera større om søknadar vert sendt inn i 2017 enn i 2018.

## Omtale av dei fire prosjekta

### Masfjordnes – Duesund

Brua er tenkt å erstatta kabelferjesambandet mellom Duesund og Masfjordnes i Masfjorden kommune.



For tidlegare omtale og fylkesrådmannen sine vurderingar av Masfjordbrua - sjå sak i fylkesutvalet 23. 5.2017, PS 138/2017 «Masfjordbrua – teknisk økonomisk utgreiing» <sup>3</sup>.

Fylkesutvalet gjorde 23.5. 2017 slikt vedtak i sak PS 138/2017:

<sup>3</sup> Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=9312&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=355799>

- «1. Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar / brukonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at andre utrekningar viser at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott kan vera tilstrekkeleg til å fullfinansiera prosjektet. Fylkesutvalet går difor inn for at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.
3. Fylkesutvalet ber om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidla, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bruprojektet kan utløyse vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017»

#### Fylkesrådmannen si oppfølging av vedtaket

Med grunnlag i pkt. 2 i vedtaket ovanfor, er det etablert ei administrativ arbeidsgruppe med deltakarar frå Masfjorden kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune som arbeider vidare med nærare avklaringar rundt Masfjordsambandet. Samferdselsdepartementet har i brev frå 8. juni 2017 (vedlegg) stadfesta at Masfjordsambandet kjem inn under ferjeavløysingsordninga. Kommunal - og moderniseringsdepartementet ventar på data frå Vegdirektoratet for å kunna rekna ut kor mykje bruprojektet kan utløysa i ferjeavløysingsmidlar.

#### Vidare arbeid

Masfjorden kommune ved plankonsulent ABO Plan & Arkitektur AS held på med å utarbeida ein reguleringsplan for Masfjordbrua som tradisjonell hengebru. Masfjorden kommune legg opp til at reguleringsplanen skal til 1.gangs behandling medio september og til 2. gangs behandling i slutten av november. Statens vegvesen legg opp til å gjera anslag på kostnadane i byrjinga av september. Statens vegvesen held no på med å ferdigstillast trafikkberekningane som skal leggest til grunn for planen og for ei eventuell bompenginnkreving.

Før søknaden kan behandlast endeleg, må det liggja føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent. Vert kostnaden over 750 mill. kr, må fylkeskommunen sørgja for at det vert gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet, om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til prosjektet. Hordaland fylkeskommune har ein rammeavtale med konsultentselskapet Atkins, som vil kunna gjennomføra KS2 for dette prosjektet.


Om framdrifta i det vidare arbeidet vert som føresett, legg fylkesrådmannen opp til å fremja ei sak om Masfjordbrua til fylkestinget i desember. I ei slik sak vil det bli vurdert om fylkeskommunen bør søka om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet innan 2017 og om prosjektet skal bompengefinansierast. Prosjektet bør då mellom anna vurderast i høve til samfunnsøkonomisk nytte, fylkeskommunale prioriteringar elles og økonomisk risiko for fylkeskommunen. I ferjeavløysingsordninga skal det berekna beløpet ligga fast i inntil 40 år. Om prosjektet er finansielt mogleg gjennom ferjeavløysingsordninga, vil prosjektet likevel kunna medføra økonomisk risiko for fylkeskommunen. Staten er ikkje forplikta til å oppretthalda ordninga i denne perioden.

#### **Huglo – Tysnes**

Øya Huglo i Stord kommune ligg sør for Tysnes. Det er planar om å knyta Huglo til øya Tysnes via øya Skorpo. Øya har 110 innbyggjarar. Elevar frå Huglo har frå 2012 gått på Rommetveit skule på Stord.

Kommunedelplan for fastsamband Huglo vart vedteken i kommunestyret i Stord<sup>4</sup> i møte 20.12.2012 og kommunestyret i Tysnes i møte 19.02.2013.

<sup>4</sup> Sjå plandokument her: <http://www.stord.kommune.no/no/Planar/Fastsamband-Huglo/>



Statens vegvesen laga i 2015 eit overslag på tilrådd løysing. Kostnaden for det aktuelle alternativet «Skorpo vest» vart då rekna til 500 – 650 mill.kr. med ei uvisse på  $\pm$  40%.


Samferdselsdepartementet har i brev til Tysnes kommune frå 4. juli 2017 (sjå vedlegg) slått fast at prosjektet ikkje vil kunna handsamast slik det ligg føre i dag.

«Krav til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga er mellom anna at det skal liggja føre utarbeidde planframlegg etter plan- og bygningsloven. Det skal og vera utarbeidd ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent, jf. punkt 3.3 i retningslinjene. Etter det som vert opplyst synest det ikkje å liggja føre planar etter plan- og bygningsloven og heller ikkje finansieringsplan for prosjektet. Prosjektet vil derfor ikkje kunna handsamast no på det grunnlag som ligg føre i dag.»

Det er ikkje starta opp arbeid med reguleringsplan for fastsambandet og ferjeavløysingsmidlar kan i 2017 berre løyvast når heile samband vert lagt ned. Heile sambandet kan ikkje leggjast ned før det vert oppretta fastsamband mellom Stord og Tysnes (E39). Fylkesrådmannen vurderer det derfor som uaktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsamband Huglo - Tysnes i 2017.

### Borgundøy – Fjelbergøy – Halsnøy

Øyane Fjelbergøy og Borgundøy ligg heilt sørvest i Kvinnherad kommune og har tilsaman 99 innbyggjarar. Skulen og barnehagen vart lagt ned i 2016.




Det er planar om å knyta saman Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy. Ein kommunedelplan for Fv62 Fjelbergsambandet låg føre i 2008<sup>5</sup>. I kommunedelplanen vart det utgreidd tre alternativ med fast vegsamband mellom Fjelbergøyane (2A, 2B og 2C). Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne fremja fylkeskommunen motsegn til dei tre alternativa. Motsegna mot alt. 2A vart trekt etter linjeføringa vart

<sup>5</sup> Kommunedelplan for Fjelbergsambandet:

[https://www.vegvesen.no/attachment/353374/binary/613240?fast\\_title=Hovudrapport+%E2%80%93+2008.pdf](https://www.vegvesen.no/attachment/353374/binary/613240?fast_title=Hovudrapport+%E2%80%93+2008.pdf)

justert<sup>6</sup>. Kvinnherad kommune legg opp til å starta arbeidet med ein reguleringsplan basert på alternativ 2A. Trase 2A ser om lag slik ut på kartet:



Kommunen legg opp til både ferjefri kryssing (bru/utfylling) av Fjelbergsund og Sydnessund. Heile traseen er 4- 5 km lang. Avstanden over Sydnessundet (Hageneset – Sydnes) er bortimot 700 meter. Denne kryssinga ligg utanfor området som vart konsekvensutgreidd i kommunedelplanen, men vil no bli ein del av reguleringsplanarbeidet.

Skal Fjelbergsambandet få ferjeavløysingsmidlar etter gjeldande ferjekostnadsnøklar, må heile Fjelbergsambandet leggst ned. Dette inneber at ferjestrekningar i sambandet utanfor Kvinnherad må leggst ned – dvs. strekningane Skjersholmane – Borgundøy og Utbjoa – Sydnes. Rogaland fylkeskommune betalar om lag 2. mill. kr. årleg til Hordaland fylkeskommune i tilskott til Fjelbergsambandet. Det er då heller ikkje mogleg å erstatta strekninga Fjelberg – Sydnes med ei kabelferje, slik det har vore tale om tidlegare.

Grunna låg trafikk er det ikkje aktuelt å krevja inn bompengar i Fjelbergsambandet.

Fylkesrådmannen vurderer det som lite sannsynleg at det vil ligga føre ein godkjent reguleringsplan med ei veg - og bruløysing som det er gjort anslag på. I tillegg ser fylkesrådmannen det som sannsynleg at det slutførte planarbeidet vil omfatta eit prosjekt med kostnad over 750 mill. kr. Eit krav om KS2 vil medføra at søknadsarbeidet ikkje kan ferdigstillast i 2017. Det vil og vera nødvendig å konsultera Rogaland fylkeskommune og Vindafjord kommune, om det skulle bli aktuelt å leggja ned ferjeanløpet på Utbjoa .

### ***Lerøy – Bjelkarøy – Hjellestad***


Øyane Bjelkarøy og Lerøy ligg aust i Sund kommune og har tilsaman 49 innbyggjarar. Det er ingen skular eller barnehagar på Lerøy og Bjelkarøy. I 2017 er det ingen frå Lerøy og Bjelkarøy som går på grunnskule i Sund.

Føremålet med prosjektet er å knyta saman Lerøy og Bjelkarøy med Ytrebygda i Bergen kommune.


<sup>6</sup> Notat vedrørende endring av alternativ 2A

[https://www.vegvesen.no/attachment/353376/binary/613241?fast\\_title=Notat+%E2%80%93+tillleggsutgreiing+alt.+2A+%E2%80%93+2012.pdf](https://www.vegvesen.no/attachment/353376/binary/613241?fast_title=Notat+%E2%80%93+tillleggsutgreiing+alt.+2A+%E2%80%93+2012.pdf)





Alternativet til ferje er å byggja veg mellom Lerøy og Bjelkarøy og ei ny bru eller tunnel frå Bjelkarøy til Hjeltestadvegen.



Det ligg føre ein godkjent reguleringsplan for veg mellom Lerøy og Bjelkarøy frå 2005. I 2010 vart det vedteke oppstart av planarbeid for områderegulering av fastlandssamband for Lerøy og Bjelkarøy, parsell Ytrebygda (Bergen). Planprogrammet vart vedteke i kommunane Bergen og Sund i 2012. Farmdrifta i det vidare planarbeidet er uavklart. Fylkesrådmannen vurderer det derfor som uaktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastlandssamband mellom Lerøy – Bjelkarøy – Ytrebygda i 2017.

### Ferjeanbod og ferjeavløysing

Dei fire omtala ferjesambanda har nyleg vore ute på nytt anbod. Følgjande operatørar skal drifta sambanda i den nye anbodsperioden:

Samband	Operatør	Anbudsperiode
Masfjordnes - Duesund	Wergeland	2019 - 2029
Jektevik - Nordhuglo - Hodnanes	Fjord 1	2020 - 2030
Fjelberg-Sydnes-Utbjoa-Borgundøy-Skjersholmane	Norled	2020 - 2030
Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjeltestad	Norled	2020 - 2030

Ferjeavløysing i anbudsperioden vil ha ein kostnad, som må takast omsyn til i vurderinga av ferjeavløysingsprosjekta. Det er ein eigen avbestillingsklausul i kontraktane som seier følgjande:

*«Oppdragsgjevar har rett til å avbestille heile eller deler av oppdraget. Inntil 15% netto reduksjon av tal avgangar i sambandet er ikkje å anse som ei avbestilling og utgjer ei endring i samsvar med pkt. 1.18.2. Avbestillinga skal skje skriftleg innan rimeleg til før avbestillinga skal ha verknad.»*

*Ved avbestilling har Operatør krav på erstatning for det økonomiske tap han lider som følgje av avbestillinga. Erstatninga skal tilsvare operatørs positive kontraktsinteresse, herunder full tapsdekning inklusiv tapt fortjeneste, med frådrag for innsparte kostnader.»*

### **Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding**

Omlagginga av ferjeavløysingsordninga frå 1.1.2018 har medført eit særskilt behov for å vurdere om det er aktuelt og mogleg å søka om ferjeavløysingsmidlar innanfor dagens ordning for dei fire ferjeavløysingsprosjekta Masfjordnes- Duesund, Lerøy –Bjelkarøy - Ytrebygda, Huglo - Tysnes og Borgundøy- Fjelberg - Halsnøy. Fylkesrådmannen konstaterer at kommunane har kome ulikt langt i planleggingsarbeidet for ferjeavløysingsprosjekta. Masfjorden kommune og Kvinnherad kommune har kome lengst i planarbeidet for sine ferjeavløysingsprosjekt.

Masfjorden kommune arbeider for fullt for å få på plass reguleringsplan før nyttår, men prosjektet må også vera kvalitetssikra (KS2) og fullfinansiert, før det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar.

Fylkesrådmannen viser til at fylkesutvalsak 138/17, «Masfjordbrua – teknisk/økonomisk utgreiing», synte eit stort spenn i kostnadar og at det er lite truleg at prosjektet let seg fullfinansiera (summen av bompengar, ferjeavløysing og kommunale midlar) - og at det har låg samfunnsnytte. Gjennom reguleringsarbeidet, arbeidet med bompengegrundlaget og avklaringar om ferjeavløysingstilskottet, freistar ein no å redusera den økonomiske risikoen i prosjektet. Til gjennomføring av ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet Masfjordbrua, tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet løyver kr. 700 000. Løyvinga vert dekkja frå fylkesutvalet sin tilleggslojvingskonto. Per 22. august står det 1,6 mill.kr på denne kontoen.

Det er svært usikkert om det vil ligga føre ein godkjent reguleringsplan for Fjelbergsambandet i 2017 - og då med ei veg – og bruløysing som det er gjort anslag på. I tillegg ser fylkesrådmannen det som sannsynleg at det slutførte planarbeidet for Fjelbergsambandet vil omfatta eit prosjekt med kostnad over 750 mill. kr. Eit krav om KS2 vil medføra at søknadsarbeidet ikkje kan ferdigstillast i 2017.

Fylkesrådmannen vil leggja fram status for søknadsarbeidet og eit finansieringsopplegg for Masfjordbrua og Fjelbergsambandet i fylkestinget i desember

For å kunna søka om ferjeavløysingstilskott i 2017, er det eit søknadskrav at det må ligga føre godkjente reguleringsplanar og realistiske finansieringsplanar for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent innan 1.1.2018.

Ferjeavløysingsprosjekta Lerøy - Bjelkarøy- Hjeltestad og Huglo – Tysnes stettar per i dag ikkje desse krava. . Det er også ein føresetnad at heile samband vert lagt ned. Ferjeavløysingsprosjektet for Huglo stettar per i dag ikkje dette kravet. Fylkesrådmannen ser det derfor som uaktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til sambanda Lerøy - Bjelkarøy- Hjeltestad og Huglo – Tysnes i 2017.